

## Frp

### TILLEGG - Høyringsutale- forslag til midlertidig endring i utlendingslova28.11.2023

Øygarden kommune inngjev med dette høyringssvar i sak der det er foreslått ei midlertidig endring i utlendingslova – beredskapsheimel for å kunna påleggja kommunar å etablera og drifta eit midlertidig innkvarteringstilbod til asylsøkjarar mv.

Øygarden kommune meinar at departementet sitt forslag, som gjev statsforvalteren ein forskriftsheimel til å påleggja kommunane å etablera og drifta eit midlertidig innkvarteringstilbod, vil vera svært inngripande, sjølv om detta foregår i ein krisesituasjon med ekstraordinært høge ankomstar av asylsøkjera. Ein slik forskriftsheimel vil vera ei stor inngripen i det kommunale sjølvstyret. Øygarden kommune meinar eit innkvarteringstilbod for asylsøkjera bør skje gjennom frivilligkeit og dialog, ikkje ved at statsforvaltaren skal kunna overkøyra det kommunale sjølvstyret. Forslaget frå departementet legg opp til at kommunen heller ikkje vert gjeven klagemoglichkeit over statsforvaltaren sitt pålegg.

Øygarden kommune meiner at det er negativt at kommunen ikkje kan klage på eit slikt pålegg, og at det bidreg til å utfordra det kommunale sjølvstyret. Kommunane har ansvaret å levera viktige tenester som påverka mange menneskjer. Det vil difor vera galt om kommunane i tillegg skal bli pålagt å starta og driva asylmottak. Dersom statsforvaltaren pålegg kommunen å drifta eit innkvarteringstilbod vil detta kunne gå utover øvrige velferdstenester. Øygarden kommune visar til at flerie asylsøkera trulig kan busettjast ved at staten bevilgar meir pengar til utleigeboligar.

Øygarden kommune er negativ til at statsforvaltaren etter lovforslaget kan utøva rekvireringsrett for fast eigendom. Ein slik kraftig inngripen vil kunna bidra til at innbyggjarane tapar tilgang til anlegg som er viktig i deira kvardag, og det vil kunna svekka kommunens tenestetilbod.

Lovforslaget åpnar også for at folk sine heimar, hyblar, utleigeboligar også kan bli rekvirert ved situasjonar med særdeles høge ankomsttall. Dette er ein inngripen i eigedomsretten som ikkje Øygarden kommune kan akseptera og vi fryktar også at dette med rette vil føra til sterkt folkelig motstand og konflikt.

Øygarden kommune støttar difor ingen av forslaga. Det er staten og ikkje kommunane som avgjer kor mange asylsøkera som får koma til Noreg. Staten må difor ta ansvaret, ikkje skyva det på kommunane. Innkvarteringstilbod skal skje gjennom dialog og frivilligkeit, ikkje gjennom tvang og pålegg